

Gjorde sterkt inntrykk heima i fjorden

11.02.2010



Mona les dikt medan Kari lagar lydkulisssar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nok ein gong var uskedelingen Mona Vetrhus “heima i fjorden“, for å sitera opningsorda i eitt av dikta ho framførte under festivalstarten i biblioteket på Husnes i kveld.

Sjølv om ho til dagleg er kulturjournalist i radio i hovudstaden er det tydeleg at banda til heimstaden framleis er minst like sterke. Det blottla ho også i dette diktet:

*Ulvanåso, Englafjellet og elva er her
skulen og kyrkjegarden
guten som hopper over gjerdet etter ballen er her
jenta som klatrar i grantreet og ser
på bakken under treet ligg den blå strikkejakka hans og skin*

Saman med songaren Kari Malmanger frå Rosendal gjorde Mona opninga til ei spesiell og sterk oppleving. Dei stutthogne dikta går godt saman med song og lydkulissar, dei passar som hand i hanske.
Men no er vi verkeleg sprengfulle av forventningar til Mona si diktsamling som vi har venta på så lenge!

Ellers under opninga spela klinikkdirktør på Valen Anne Lise Kvalevåg ei framtredande rolle. Ho streka under at sjukehuset ikkje berre er ein stor arbeidsplass, det er også ein stor kulturinstitusjon og ser på jubileumsåret sitt som ein kulturbegivenheit.
Direktøren slo fast at psykisk helse og kultur alltid har hørt tett saman og kom med denne konklusjonen: - Dei lukkelegaste er dei som deltar i kulturlivet – dei er friskare enn andre!

Ideen til den storslagne utstillinga som vart opna i biblioteket var det Kenneth Øvstebø som hadde og han fekk ideen på Bømlo. Kenneth kunngjorde at Gunvor Handeland var kåra som vinner av deltakarane .
og syntest at utstillinga var ei herleg blanding av ymse uttrykk. Oppslutnaden karakteriserte han som fantastisk.

Det er ledige plassar på alt som skjer på Husnes fram til sundag – og det er ikkje lite!

Av Ola Matti Mathisen



Kenneth Øvstebø hadde ideen til utstillinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)